

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen 3.etg., fylkeshuset  
**Dato:** 29.11.2017  
**Tidspunkt:** 11.00-16.20

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Jon Askeland	Leiar	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Synnøve Solbakken	Medlem	A	Til kl. 13.55
Atle Kvåle	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	Sp	Til kl. 15.55
Geir Angeltveit	Medlem	V	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Parti
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Parti	
Rosalind Johannessen	Renate Møgster Klepsvik	Frp	
Øyvind Hardeland	Synnøve Solbakken	A	Frå kl. 13.55 til 16.00

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Sølve Sundbø	Klima- og naturressurssjef, regionalavdelinga
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Grethe Vikane	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 115/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 116/17	Godkjenning av møtebok førre møte		
PS 117/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 70/17	Tilsegn til hurtigladeinfrastruktur 2017	2017/13527	
RS 71/17	Samarbeid om bysykkelordning	2017/938	
RS 72/17	Namneendring - Sørvest Bomvegselskap AS	2016/34293	
RS 73/17	Fjelbergsambandet - status for ferjeavløysingsprosjektet	2017/4934	
RS 74/17	Uttale frå Norva24 AS - Høyring Bru over Masfjorden.	2014/22289	
RS 75/17	Oversendingsforslag frå fylkestinget oktober 2017 - breibanddekning i fylket	2017/15814	
PS 118/17	Framlegg til biogasstrategi for Hordaland	2016/9781	
PS 119/17	Miljøprogram 2017	2017/241	
PS 120/17	Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 21	2017/16982	
PS 121/17	Bybanen - vurdering av drift i eigenregi	2015/8900	
PS 122/17	Klimaplanen sitt handlingsprogram 2018	2017/14885	
PS 123/17	Innfartsparkering for reisande utan periodekort	2015/11655	
PS 124/17	Fv570 Masfjordsambandet	2015/5147	
PS 125/17	Handlingsprogram 2018-23 (2029) til Nasjonal transportplan - Høyringsfråsegn	2017/16134	
PS 126/17	Høyringsuttale - Nasjonal tiltaksplan for trafikkssikkerhet på veg 2018-2021	2014/13889	
PS 127/17	Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018-2029 til Regional transportplan Hordaland 2018-2029	2017/4336	
PS 128/17	Ymse		

### **PS 115/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017**

##### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader

### **PS 116/17 Godkjenning av møtebok forrige møte**

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017**

##### **Vedtak**

Møteprotokollen frå møte 08.11.2017 vart godkjend utan merknader.

## PS 117/17 Referatsaker (meldingar)

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

I samband med RS 75/17 «Oversendingsforslag frå fylkestinget oktober 2017 - breibanddekning i fylket» etter spurde **Stein Inge Ryssdal (H)** fleire detaljar om breibanddekninga. Klima- og naturressurssjefen svarte.

### Vedtak

Referatsaker 70-75/17 vart tekne til orientering.

## PS 118/17 Framlegg til biogasstrategi for Hordaland

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek som biogasstrategi for Hordaland:

Hovudmålet er å utnytte lokalt tilgjengelege organiske restråstoff lønsamt og klimavenleg, og derved erstatte fossil energibruk. Relevante råstoffkjelder kan vere slam frå kommunale avløp, organisk rest frå verksemder, skogbruk, jordbruk og hushaldningar.

Ein legg følgjande delmål og understrategiar til grunn:

- Mål 1: Fleire ulike typar lokale råstoff i biogasproduksjon
    - o Byggje samarbeid mellom aktørar (kommunar, kommunar og næringsliv, mellom ulike bransjar)
    - o Auke kunnskapen om felles prosessering (samrotning) av ulike råstoff som er tilgjengeleg i regionen
  - Mål 2: Berekraftig bruk av restprodukta frå biogasproduksjon
    - o Samle erfaringar knytt til lokal bruk av biorest
    - o Fremje idear for bruk av CO<sub>2</sub>-gassen frå oppgraderinga av biogassen (kalla fornybar CO<sub>2</sub>)
  - Mål 3: Bruk av biogas i transportsektoren der ein ikkje kan elektrifisere
    - o Leggje til rette for forretningskonsept innan fylleinfrastruktur for biogas retta mot tunge køyretøy
    - o Søkje nasjonale stønadsordningar, til dømes «Klimasats» for å støtte utbygging av fyllestasjonar
    - o Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar: «Skyss vil vurdere tilgjenge på lokalt produsert biogas før oppstart av nye anbod.»
  - Mål 4: Gode rammevilkåra gjennom heile verdikjeda
    - o Støtte best mogleg rammevilkår for å utnytte avfall som ressurs, til dømes gjennom krav til utsortering av våtorganisk avfall
    - o Etterspørje endringar i gjødselsforskrifta som bidreg til optimal bruk av biorest
    - o Fremje best mogleg rammevilkår for å erstatte naturgass med biogas (til dømes vegbruksavgifta)
  - Mål 5: Kunnskapsutvikling og nettverk
    - o Bruke eksisterande regionale støtteordningar for å delfinansiere forsking og utvikling, samarbeid og næringsutvikling
    - o Mobilisere aktørar i fylket til å delta i nettverk som til dømes gjennom det omsøkte interreg-prosjektet Biogas North Sea
2. Fylkesutvalet inviterer relevante aktørar i fylket til å slutte opp om mål og verkemidlar.
  3. Fylkesutvalet peiker på «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland», «Regionalt forskingsfond Vestlandet» og «Klimaplan for Hordaland» som regionale verktøy for å støtte kunnskapsbygging.
  4. Fylkesrådmannen fører dialog med aktørar i fylket for å sikre relevant deltaking frå Hordaland i interreg-prosjektet Biogas North Sea.

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

**Gustav Bahus (Frp)** sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5:

Biogasstrategien skal evaluerast/rullerast annakvart år.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Bahus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vedtek som biogasstrategi for Hordaland:

Hovudmålet er å utnytte lokalt tilgjengelege organiske restråstoff lønsamt og klimavenleg, og derved erstatte fossil energibruk. Relevante råstoffkjelder kan vere slam frå kommunale avløp, organisk rest frå verksemder, skogbruk, jordbruk og hushaldningar.

Ein legg følgjande delmål og understrategiar til grunn:

- Mål 1: Fleire ulike typar lokale råstoff i biogassproduksjon
  - o Byggje samarbeid mellom aktørar (kommunar, kommunar og næringsliv, mellom ulike bransjar)
  - o Auke kunnskapen om felles prosessering (samrotning) av ulike råstoff som er tilgjengeleg i regionen
- Mål 2: Berekraftig bruk av restprodukta frå biogassproduksjon
  - o Samle erfaringar knytt til lokal bruk av biorest
  - o Fremje idear for bruk av CO<sub>2</sub>-gassen frå oppgraderinga av biogassen (kalla fornybar CO<sub>2</sub>)
- Mål 3: Bruk av biogass i transportsektoren der ein ikkje kan elektrifisere
  - o Leggje til rette for forretningskonsept innan fylleinfrastruktur for biogass retta mot tunge køyretøy
  - o Søkje nasjonale stønadsordningar, til dømes «Klimasats» for å støtte utbygging av fyllestasjonar
  - o Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar: «Skyss vil vurdere tilgjenge på lokalt produsert biogass før oppstart av nye anbod.»
- Mål 4: Gode rammevilkåra gjennom heile verdikjeda
  - o Støtte best mogleg rammevilkår for å utnytte avfall som ressurs, til dømes gjennom krav til utsortering av våtorganisk avfall
  - o Etterspørje endringar i gjødselsforskrifta som bidreg til optimal bruk av biorest
  - o Fremje best mogleg rammevilkår for å erstatte naturgass med biogass (til dømes vegbruksavgifta)
- Mål 5: Kunnskapsutvikling og nettverk
  - o Bruke eksisterande regionale støtteordningar for å delfinansiere forskning og utvikling, samarbeid og næringsutvikling
  - o Mobilisere aktørar i fylket til å delta i nettverk som til dømes gjennom det omsøkte interreg-prosjektet Biogas North Sea

2. Fylkesutvalet inviterer relevante aktørar i fylket til å slutte opp om mål og verkemidlar.

3. Fylkesutvalet peiker på «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland», «Regionalt forskningsfond Vestlandet» og «Klimaplan for Hordaland» som regionale verktøy for å støtte kunnskapsbygging.

4. Fylkesrådmannen fører dialog med aktørar i fylket for å sikre relevant deltaking frå Hordaland i interreg-prosjektet Biogas North Sea.

5. Biogasstrategien skal evaluerast/rullerast annakvart år.

## **PS 119/17 Miljøprogram 2017**

### **Forslag til vedtak**

1. Utval for miljø og samferdsel utnemner følgjande representant til arbeidsutval for miljøpris:

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017**

**Synnøve Solbakken (A)** gjorde framlegg om leiaren i utval for miljø og samferdsel, Jon Askeland, som representant til arbeidsutval for miljøpris (erstattar tidlegare utvalsleiar).

### **Vedtak**

Utval for miljø og samferdsel utnemner følgjande representant til arbeidsutval for miljøpris:

Leiaren i utval for miljø og samferdsel, Jon Askeland.

## **PS 120/17 Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 21**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget sluttar seg til Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 2021.
2. Fylkestinget legg til grunn at innkjøp av bybanevogner vert finansiert gjennom Miljøløftet.
3. Fylkestinget legg til grunn at meirkostnadar knytt til styrking av ruteproduksjonen for kollektivtrafikken føreset finansiering over Miljøløftet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

4. Endehaldeplass Øvre Kråkenes vert utsett og vert ikkje gjennomført i 2018.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp). Hammer sitt forslag fekk 4 røyster (SV, Frp, V) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget sluttar seg til Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 2021.
2. Fylkestinget legg til grunn at innkjøp av bybanevogner vert finansiert gjennom Miljøløftet.
3. Fylkestinget legg til grunn at meirkostnadar knytt til styrking av ruteproduksjonen for kollektivtrafikken føreset finansiering over Miljøløftet.

## **PS 121/17 Bybanen - vurdering av drift i eigenregi**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek rapporten *Bybanen – Eigenregi* til orientering.
2. Fylkestinget legg til grunn at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetja driftsoppgåvene, slik det vert gjort i kollektivdrifta elles i fylket, herunder ny operatørvtale.

## Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 28.11.2017

### Vedtak

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, SV, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet tek saka til orientering.»

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette fram slik protokollmerknad:

«Arbeiderpartiet registrerar at dei tilsette sine representantar støttar rådmannen sitt forslag i saka. Arbeiderpartiet registrerar vidare at dei tilsette sine representantar meiner at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetje drifta.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget tek rapporten *Bybanen - egenregi* til orientering.
2. Fylkestinget legg til grunn at drift og vedlikehald av bybanen vert gjort i eigen regi, gjennom ein konsernmodell. På grunn av gjeldande avtale med Stadler vil eigen regi på vognvedlikehald først kunne realiserast når gjeldande avtale går ut i 2026.
3. Fylkesrådmannen får ansvar for å førebu ein slik overgang, mellom anna mogleg verksemdoverdraging av tilsette i dagens Keolis.»

**Gustav Bahus (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 2:  
«... som hovudregel...» i første linje vert strøken.»

### Røysting

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Bahus sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 10 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

### Protokollmerknad frå A

Arbeiderpartiet registrerar at dei tilsette sine representantar støttar rådmannen sitt forslag i saka.

Arbeiderpartiet registrerar vidare at dei tilsette sine representantar meiner at konsernet som hovudregel skal konkurranseutsetje drifta.

## PS 122/17 Klimaplanen sitt handlingsprogram 2018

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einiskilde tiltaka er basert på kostnads-overslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justeringar.

## Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.11.2017

Representanten Rosalind Fosse sette fram følgjande endringsforslag i høve til fylkesrådmannen sitt forslag, pkt.1:

«Side 137 Retningslinjer for planlegging, punkt 1. Kommuneplanen rettes fra skal til **bør** fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan.  
Strategi C: Avgrense biltrafikken

**Tas ut** 9. innføring av differenserte bompenger i og kring Bergen i høve:

- rushtid
- miljøutslipp
- tal passasjerar i bilen

**Tas ut** 10. Reduksjon i talet på offentlige og private langtids-parkeringsplasser i sentrale deler av Bergen

Side 138 Byveksttalen ( Miøjløftet)

- Gange og sykkel
- Forlenging av trolleylinja
- Utbygging av Bybane til Fyllingsdalen - **Tas ut**

Side 145 **Tas ut** Tiltak 5.9 Miljødifferenserte bompenger.

side 158 punkt 5.16 Diff bompenger: **Nytt punkt:** Elbiler, hydrogen biler og tyngre kjøretøy med elektromotor behandles på lik linje som annen bilpark».

### Røysting

Fosse sine endringsframlegg i høve til fylkesrådmannen si innstilling til pkt. 1 fall (første forslag fekk 6 røyster (FRP/H/V), øvrige endringsforslag fekk FRP sine to røyster).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling punkt 1 vart vedteke med 13 røyster.

Fylkesrådmannen sine forslag til pkt. 2, 3 og 4 vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei ein skilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justeringar.

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

I punkt 1 og 2 er årstalet 2017 administrativt endra til 2018.

**Rosalind Fosse (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Klimaplan

Side 208

Retningslinjer for planlegging.

Punkt 1. Kommuneplanen **bør (rettes fra skal)** fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan.

Strategi C: Avgrense biltrafikken

**Tas ut**

9. innføring av differenserte bompenger i og kring Bergen i høve:

- rushtid
- miljøutslipp
- tal passasjerar i bilen

**Tas ut**

10. Reduksjon i talet på offentlige og private langtids-parkeringsplasser i sentrale deler av Bergen

Side 209

Byvekstavtalen (Miljøløftet)

- Gange og sykkel
- Forlenging av trolleylinja
- Utbygging av Bybane til Fyllingsdalen - **Tas ut**

Side 216

**Tas ut**

Tiltak 5.9 Miljødifferenserte bompenger.

Side 229 punkt 5.16 Diff. bompenger:

**Endret punkt:**

Elbiler, hydrogenbiler og tyngre kjøretøy med elektromotor behandles på lik linje som annen bilpark.»

**Natalie Golis (MDG)** sette fram slik protokollmerknad:

«Miljøpartiet Dei Grøne sine endelege endringsforslag til Klimaplanens handlingsprogram vil komme til handsaminga i fylkesutvalet.»

**Røysting**

Fosse sitt forslag om punkt 1. kommuneplanen fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Fosse sine øvrige forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2018 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2018 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2018.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilte tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justeringar.

**Protokollmerknad frå MDG**

Miljøpartiet Dei Grøne sine endelege endringsforslag til Klimaplanens handlingsprogram vil komme til handsaminga i fylkesutvalet.



## PS 123/17 Innfartsparkering for reisande utan periodekort

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til at innfartsparkeringsanlegg med oblatordning og ledig kapasitet over tid vert opna for avgiftsparkering utan parkeringsoblat frå Skyss.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen etablere betalingsløysing for parkering, samt fastsetje takstar for parkering utan oblat på innfartsparkeringsplassar med oblatordning.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til at innfartsparkeringsanlegg med oblatordning og ledig kapasitet over tid vert opna for avgiftsparkering utan parkeringsoblat frå Skyss.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen etablere betalingsløysing for parkering, samt fastsetje takstar for parkering utan oblat på innfartsparkeringsplassar med oblatordning.

## PS 124/17 Fv570 Masfjordsambandet

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til at FV570 Masfjordsambandet/bru over Masfjorden ikkje er prioritert i regionale planar.
2. Bruprosjektet har eit langt større klimaavtrykk enn ei elektrifisert ferje og står ikkje opp om målet om reduserte klimagassutslepp.
3. Med grunnlag i ei samla vurdering av planprioritering, klimaeffektar, trafikkgrunnlag versus nytte og den krevjande økonomiske situasjonen for fylkeskommunen, finn ikkje fylkestinget grunnlag for å bygga bru over Masfjorden og å senda bompengesøknad og søknad om å motta tilskott frå ferjeavløysingsordninga.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag (a):

«Fylkestinget støttar Masfjorden kommune sitt ønske om å byggja prosjektet Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua. Fylkestinget vedtek å senda søknad om ferjeavløysingstilskott og bompengesøknad, datert 16.11.2017, på desse vilkåra:

- Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua må finansierast av ferjeavløysingsmidlar, bompengar og kommunale tilskot.
- Endeleg vedtak om prosjektet og finansiering vert å koma tilbake til utan at fylkeskommunen forpliktar seg ved oversending av søknad om ferjeavløysingstilskott og bompengesøknad
- Fylkestinget bed Staten betra ferjeavløysingsmiddelordninga slik at Masfjordbrua i hovudsak kan finansierast av desse kombinert med bompengar og kommunale tilskot. Fylkestinget merkar seg at fleirtalspartia på Stortinget har tinga ein gjennomgang av ordninga ved budsjettforliket november 2017.»

**Svein Halleraker (H)** sette fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget viser til at Fv570 Masfjordsambandet er teke inn i eit eige avsnitt i punkt 4.2.2 om ferjeavløysingsmidlar i regional transportplan Hordaland 2018-2029.
2. Fylkestinget vedtar ferjeavløysingsmidlar etter den ordninga som gjeld for 2017, og at bompengesøknaden som er lagt ved saka vert godkjent av fylkestinget under desse føresetnadane:
  - 2.1. Bompengesøknaden er godkjent av Masfjorden kommune
  - 2.2. Bompengane kan nyttast som delfinansiering av prosjektet.»

**Geir Angeltveit (V)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Fylkestinget meiner at auke i klimagassutslepp skal kompenseras i framtidige klimabudsjett for å ivareta fylkets ambisjonar om kutt i klimagassutsleppa.»

Etter gruppemøte trekte Svein Halleraker og Geir Angeltveit forslaga sine.

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, KrF, Sp, H, FrP og V fram slikt justert forslag (b):

«Fylkestinget støttar Masfjorden kommune sitt ønske om å byggja prosjektet Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua. Fylkestinget vedtek å senda søknad om ferjeavløysingstilskott og bompengesøknad, datert 16.11.2017, på desse vilkåra:

- Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua må fullfinansierast av ferjeavløysingsmidlar, bompengar og kommunale tilskot.
- Endeleg vedtak om prosjektet og finansiering vert å koma tilbake til utan at fylkeskommunen forpliktar seg ved oversending av søknad om ferjeavløysingstilskott og bompengesøknad.
- Fylkestinget ber Staten betra ferjeavløysingsmiddelordninga slik at Masfjordbrua i hovudsak kan finansierast av desse kombinert med bompengar og kommunale tilskot. Fylkestinget merkar seg at fleirtalspartia på Stortinget har tinga ein gjennomgang av ordninga ved budsjettforliket november 2017.
- Fylkestinget meiner at auke i klimagassutslepp skal kompenseras i framtidige klimabudsjett for å ivareta fylkets ambisjonar om kutt i klimagassutsleppa.»

### **Røysting**

Rasmussen sitt forslag (b) fekk 13 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (MDG, SV) for fylkesrådmannen sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget støttar Masfjorden kommune sitt ønske om å byggja prosjektet Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua. Fylkestinget vedtek å senda søknad om ferjeavløysingstilskott og bompengesøknad, datert 16.11.2017, på desse vilkåra:

- Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua må fullfinansierast av ferjeavløysingsmidlar, bompengar og kommunale tilskot.
- Endeleg vedtak om prosjektet og finansiering vert å koma tilbake til utan at fylkeskommunen forpliktar seg ved oversending av søknad om ferjeavløysingstilskott og bompengesøknad.
- Fylkestinget ber Staten betra ferjeavløysingsmiddelordninga slik at Masfjordbrua i hovudsak kan finansierast av desse kombinert med bompengar og kommunale tilskot. Fylkestinget merkar seg at fleirtalspartia på Stortinget har tinga ein gjennomgang av ordninga ved budsjettforliket november 2017.

- Fylkestinget meiner at auke i klimagassutslepp skal kompenseras i framtidige klimabudsjett for å ivareta fylkets ambisjonar om kutt i klimagassutsleppa.

## **PS 125/17 Handlingsprogram 2018-23 (2029) til Nasjonal transportplan - Høyringsfråsegn**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget viser til at Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune har mange felles prosjekt og interesser, og meiner at handlingsprogramma til samferdselsetatane i framtida i langt større utstrekning må utformast som ein dialogprega prosess med fylkeskommunane.
2. Fylkestinget registrerer at det kan vere mogleg å starte opp prosjekta E16 Arna-Trengereid, E134 Seljestadtunnelen og E39 Stord-Os (Hordfast) ved bruk av bompengelån. Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på framdrift i planprosessane, slik at oppstart kan skje i første periode. Særleg hastar det med oppstart for E16 Arna- Stanghelle. Det er også viktig å få starta opp arbeidet på E134 Seljestadtunnelen. Fylkestinget er samd i at oppstart av E39 Stord-Os krev monalege kostnadsreduksjonar før det er aktuelt med oppstart.
3. Tunnelane på eksisterande strekning E16 Arna- Stanghelle må rustast opp i tråd med tunnelsikkerhetsforskriften om vegen blir omklassifisert til fylkesveg.
4. Fylkestinget ber om at det i løpet av handlingsplanperioden 2018-23 vert starta opp planarbeid på strekninga E16 Stanghelle – Voss.
5. Det er positivt at det er starta opp planarbeid for Ringveg øst og at dette arbeidet har stor prioritet. Fylkestinget viser til at E39 Vågsbotn – Klauvaneset har lågare standard, høgare trafikk og større utviklingsproblem enn E16 Arna-Vågsbotn, og meiner at denne strekninga må ha høgare prioritet. Det er også behov for strakstiltak for å betre trafiksikkerheit og kollektivprioritering på denne strekninga. Det kan vere aktuelt både å nytte midlar gjennom Miljøløftet, og programområdemidlar til gang- og sykkelveg, TS-midlar og kollektivmidlar. Særleg vil fylkestinget peike på behovet for kollektivprioritering på strekninga.
6. Fylkestinget er nøgd med at det vert satsa på tunneltryggleik i perioden. Det er samstundes sterkt ottefullt at det fører til at vedlikehaldsetterslepet aukar på andre delar av riksvegnettet. Dette er sær sars uheldig, og særleg uheldig om Hordaland får eit større etterslep enn resten av landet grunna at det er naudsynt å prioritere dei mange tunnelane i fylket. Det bør vurderast om ein bør utsetje delar av tunneloppgraderinga for å unngå eit for stort forfall på resten av vegnettet.
7. I samband med stengingar ved oppgraderingar på fire-felts tunnelane på E39 gjennom Bergen må det leggjast opp til to-vegs omkøyning i eit tunnellop. Særleg er dette viktig for Fløyfjellstunnelen og Eidsvågtunnelen, der dei aktuelle omkøyringsvegane ikkje har kapasitet til å ta imot trafikken sjølv på tidspunkt med låg trafikk.
8. Dei strekningsvise midlane på Rv7 kom som oppfølging av KVU for strekninga Gol-Voss, der Regjeringa i etterkant vedtok at Rv7 skulle vere hovudveg for persontrafikk og reiseliv mellom aust og vest. Fylkestinget er på dette grunnlag kritisk til at midlane er føreslått til utbetring av Rv7 langsetter Krøderen. Ut i frå føremålet med desse midlane bør dei flyttast til tiltak på høg fjellstrekninga over Hardangervidda for å sikre vinterregulariteten og trafikktryggleik.
9. Fylkestinget er særleg uroa over den låge delen av skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i fylket. Fylket har stor risiko for skred, det gir stor risiko og utryggleik, og det er få og lange omkøyringsveggar med tilhøyrande sårbarheit ved hendingar.
10. Fylkestinget er nøgd med at Hordaland får meir midlar til skredsikring på fylkesveg enn fylkes der Hordaland fylkeskommune i førre NTP-periode har fått ein låg del av skredsikringsmidlane. Midlane er likevel på langt nær tilstrekkelege for å dekkje behovet på fylkesvegnettet i fylket.
11. Fylkestinget viser til dei store trafikkale utfordringane som har vore på Rv13 i sommar, og meiner at utbetningsarbeidet på strekninga Kinsarvik-Kyrkjeneset må framskundast med oppstart 2018/19.

12. Fylkestinget vil vise til at situasjonen ved Bu ved Hardangerbrua like ved Rv13/Rv9 har vore ganske kritisk i turistsesongen dei siste par åra både når det gjeld toalettsituasjonen og parkeringsplassar for turistbussar. Dette området bør ha fasilitetar som er kan dekkje servicetilbodet for turistar og andre reisande. Det visast til at fylkeskommunen gjennomfører eit prosjekt som ser på reiseliv og infrastruktur, og ønskjer eit samarbeid med Statens Vegvesen om tiltak i oppfølginga av dette prosjektet.
13. Fylkestinget ber om at det vert omprioritert midlar til kollektivknutepunkt i Odda som eit spleiselag mellom kommune, fylkeskommune og staten. Det er også aktuelt for kollektivknutepunkt som er under planlegging på Osøyro, Leirvik og Knarvik. Alle desse kollektivknutepunkta blir betente av fylkeskryssande bussruter.
14. Regional transportplan 2018-29 legg opp til å prioritere hovudruter for sykkel og ruter knytt til skule og tilbod for barn og unge ved regionale sentra. Det er vidare lagt opp til å prioritere skuleveggar for barn og unge. Aktuelt tiltak er t.d. utbygging av gang- og sykkelløysing over Hagelsundbrua mellom Flatøy og Knarvik. Andre regionale sentra som Odda treng også gang- og sykkelveg gjennom sentrum. Fylkestinget ber difor om at det i større mon blir lagt inn midlar til tiltak i tilknytning til dette framfor tiltak på riksveggar utan skular og samanhengande gang- og sykkelveggar mot senterområde.
15. Innan strekningsvise utbetringar av kollektivtiltak er det særleg grunn til å prioritere haldeplassar i tilknytning til skular og senterområde samt andre målpunkt for born og unge som t.d. idrettsanlegg og kulturhus. Fylkestinget føreset at dette blir gjort i samarbeid med Skyss.
16. Fylkestinget ber om at Statens Vegvesen innan løyvinga til ITS bidreg til å finansiere utvikling av løysingar innan kombinert mobilitet, der kollektivtransport er basis i ein heilskap som også inneheld mellom anna bildeling, bysyklar, drosjer, sykling og «on demand»-tenester som autonome køyretøy. Hordaland fylkeskommune ved Skyss vil gjerne bidra i utvikling av løysingar.
17. Avfuktingsanlegg for berekablar på Stordabrua bør sjåast i samheng med tilsvarende jobb på Bømlabrua på Fv 542, t.d. gjennom felles entreprise.

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017**

Fylkesutvalet slutta seg til **Atle Kvåle (A)** sitt framlegg om at «E134 Seljestadtunnelen» vert endra til «E134 Røldal - Seljestad» (jf. punkt 2).

**Atle Kvåle (A)** sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2:

Vidare ber fylkestinget om at dei ulike korridor-alternativa for arm til Bergen frå E134 snarast blir greidd ut gjennom ein KVV slik det blei tilrådd av Statens vegvesen i aust-vest-utgreiinga.»

**Svein Halleraker (H)** sette fram slikt forslag:

«Innstillinga punkt 2:

Stryke dei tre siste setningane frå Særleg ...»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«(a) Stryk punkt 2:

(b) Nytt punkt:

Fylkestinget meier det er viktig med samtidig utbygging for K5 alternativet, Arna- Stanghelle. Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på framdrift i planprosessane, slik at oppstart kan skje i første periode.

(c) Nytt punkt:

Det er også viktig å få starta opp arbeidet på E134 Røldal - Seljestad.

(d) Nytt punkt:

Fylkestinget meiner Hordfast er i strid med vedtekne regionale og nasjonale klimamål, og ber departementet om å stogga all planlegging av fjordkryssing av Bjørnafjorden i samband med E39 Hordfast.

(e) Alternativt punkt 4:

Fylkestinget ber om at det i løpet av handlingsplanperioden 2018-23 vert starta opp planarbeid på K5 Stanghelle - Voss.»

**Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2, siste setning:

Stryk ordet «monalege»».

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 7:

I samband med stengingar for oppgraderingar på fire-felts tunnelane på E39 gjennom Bergen bør det vurderast to-vegs køyring i eit tunnelløp. Særleg er dette aktuelt for Fløyfjellstunnelen og Eidsvågtunnelen, der omkøyringsvegane ikkje har kapasitet til å ta imot trafikken sjølv på tidspunkt med låg trafikk.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag (a) om punkt 2 fekk 4 røyster (SV, MDG, Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2, dei to første setningane, fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, V, Frp, H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Byrknes sitt forslag punkt 2 fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, V, Frp, H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2, dei tre siste setningane, vart vedteke med 9 røyster mot 6 røyster (H, Frp, V) for Halleraker sitt forslag punkt 2.

Kvåle sitt forslag punkt 2 fekk 14 røyster (A, Sp, KrF, V, MDG, Frp, H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag (b) fekk 3 røyster (SV, MDG, KrF) og fall.

Hammer sitt forslag (c) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Hammer sitt forslag (d) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 10 røyster mot 5 røyster (SV, MDG, Sp, KrF) for Hammer sitt forslag (e) punkt 4.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 og 6 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Ryssdal sitt forslag punkt 7 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 7.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 8-17 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget viser til at Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune har mange felles prosjekt og interesser, og meiner at handlingsprogramma til samferdselsetatane i framtida i langt større utstrekning må utformast som ein dialogprega prosess med fylkeskommunane.
2. Fylkestinget registrerer at det kan vere mogleg å starte opp prosjekta E16 Arna - Trengereid, E134 Røldal - Seljestad og E39 Stord - Os (Hordfast) ved bruk av bompengelån. Fylkestinget ber om at det vert lagt vekt på framdrift i planprosessane, slik at oppstart kan skje i første periode. Særleg hastar det med oppstart for E16 Arna - Stanghelle. Det er også viktig å få starta opp arbeidet på E134 Røldal - Seljestad. Fylkestinget er samd i at oppstart av E39 Stord - Os krev kostnadsreduksjonar før det er aktuelt med oppstart. Vidare ber fylkestinget om at dei ulike korridor-alternativa for arm til Bergen frå E134 snarast blir greidd ut gjennom ein KVVU slik det blei tilrådd av Statens vegvesen i aust-vest-utgreiinga.
3. Tunnelane på eksisterande strekning E16 Arna - Stanghelle må rustast opp i tråd med tunnelsikkerheitsforskriften om vegen blir omklassifisert til fylkesveg.

4. Fylkestinget ber om at det i løpet av handlingsplanperioden 2018-23 vert starta opp planarbeid på strekninga E16 Stanghelle - Voss.
5. Det er positivt at det er starta opp planarbeid for Ringveg øst og at dette arbeidet har stor prioritet. Fylkestinget viser til at E39 Vågsbotn - Klauvaneset har lågare standard, høgare trafikk og større avviklingsproblem enn E16 Arna-Vågsbotn, og meiner at denne strekninga må ha høgare prioritet. Det er også behov for strakstiltak for å betre trafikkikkerheit og kollektivprioritering på denne strekninga. Det kan vere aktuelt både å nytte midlar gjennom Miljøløftet, og programområdemidlar til gang- og sykkelveg, TS-midlar og kollektivmidlar. Særleg vil fylkestinget peike på behovet for kollektivprioritering på strekninga.
6. Fylkestinget er nøgd med at det vert satsa på tunneltryggleik i perioden. Det er samstundes sterkt ottefullt at det fører til at vedlikehaldsetterslepet aukar på andre delar av riksvegnettet. Dette er sær s uheldig, og særleg uheldig om Hordaland får eit større etterslep enn resten av landet grunna at det er naudsynt å prioritere dei mange tunnelane i fylket. Det bør vurderast om ein bør utsetje delar av tunneloppgraderinga for å unngå eit for stort forfall på resten av vegnettet.
7. I samband med stengingar for oppgraderingar på fire-felts tunnelane på E39 gjennom Bergen bør det vurderast to-vegs køyring i eit tunnellop. Særleg er dette aktuelt for Fløyfjellstunnelen og Eidsvågtunnelen, der omkøyringsvegane ikkje har kapasitet til å ta imot trafikken sjølv på tidspunkt med låg trafikk.
8. Dei strekningsvise midlane på Rv7 kom som oppfølging av KVVU for strekninga Gol - Voss, der Regjeringa i etterkant vedtok at Rv7 skulle vere hovudveg for persontrafikk og reiseliv mellom aust og vest. Fylkestinget er på dette grunnlag kritisk til at midlane er føreslått til utbetring av Rv7 langsetter Krøderen. Ut i frå føremålet med desse midlane bør dei flyttast til tiltak på høg fjellstrekninga over Hardangervidda for å sikre vinterregulariteten og trafikktryggleik.
9. Fylkestinget er særleg uroa over den låge delen av skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i fylket. Fylket har stor risiko for skred, det gir stor risiko og utryggleik, og det er få og lange omkøyringsveggar med tilhøyrande sårbarheit ved hendingar.
10. Fylkestinget er nøgd med at Hordaland får meir midlar til skredsikring på fylkesveg enn fylkes der Hordaland fylkeskommune i førre NTP-periode har fått ein låg del av skredsikringsmidlane. Midlane er likevel på langt nær tilstrekkelege for å dekkje behovet på fylkesvegnettet i fylket.
11. Fylkestinget viser til dei store trafikkale utfordringane som har vore på Rv13 i sommar, og meiner at utbetningsarbeidet på strekninga Kinsarvik-Kyrkjeneset må framskundast med oppstart 2018/19.
12. Fylkestinget vil vise til at situasjonen ved Bu ved Hardangerbrua like ved Rv13/Rv9 har vore ganske kritisk i turistsesongen dei siste par åra både når det gjeld toalettsituasjonen og parkeringsplassar for turistbussar. Dette området bør ha fasilitetar som er kan dekkje servicetilbodet for turistar og andre reisande. Det visast til at fylkeskommunen gjennomfører eit prosjekt som ser på reiseliv og infrastruktur, og ønskjer eit samarbeid med Statens Vegvesen om tiltak i oppfølginga av dette prosjektet.
13. Fylkestinget ber om at det vert omprioritert midlar til kollektivknutepunkt i Odda som eit spleiselag mellom kommune, fylkeskommune og staten. Det er også aktuelt for kollektivknutepunkt som er under planlegging på Osøyro, Leirvik og Knarvik. Alle desse kollektivknutepunkta blir betente av fylkeskryssande bussruter.
14. Regional transportplan 2018-29 legg opp til å prioritere hovudruter for sykkel og ruter knytt til skule og tilbod for barn og unge ved regionale sentra. Det er vidare lagt opp til å prioritere skuleveggar for barn og unge. Aktuelt tiltak er t.d. utbygging av gang- og sykkelløysing over Hagelsundbrua mellom Flatøy og Knarvik. Andre regionale sentra som Odda treng også gang- og sykkelveg gjennom sentrum. Fylkestinget ber difor om at det i større mon blir lagt inn midlar til tiltak i tilknytning til dette framfor tiltak på riksveggar utan skular og samanhengande gang- og sykkelveggar mot senterområde.
15. Innan strekningsvise utbetringar av kollektivtiltak er det særleg grunn til å prioritere haldeplassar i tilknytning til skular og senterområde samt andre målpunkt for born og unge som t.d. idrettsanlegg og kulturhus. Fylkestinget føreset at dette blir gjort i samarbeid med Skyss.

16. Fylkestinget ber om at Statens Vegvesen innan løyvinga til ITS bidreg til å finansiere utvikling av løysingar innan kombinert mobilitet, der kollektivtransport er basis i ein heilskap som også inneheld mellom anna bildeling, bysyklar, drosjer, sykling og «on demand»-tenester som autonome køyretøy. Hordaland fylkeskommune ved Skyss vil gjerne bidra i utvikling av løysingar.
17. Avfuktingsanlegg for berekablar på Stordabrua bør sjåast i samanheng med tilsvarende jobb på Bømlabrua på Fv 542, t.d. gjennom felles entreprise.

## **PS 126/17 Høyringsuttale - Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* til orientering.
2. Fylkestinget ser svært positivt på at oppfølgingstiltaka no omfattar trafikksikringsarbeidet til alle dei deltakande aktørane, og at tiltaksplanen med det vert sett på som meir forpliktande for fylkeskommunane.
3. Fylkestinget stiller seg bak dei 18 oppfølgingspunkta som fylkeskommunane har ansvaret for, og vil følgje desse opp i sine planar.

### **Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 28.11.2017**

#### **Innstilling**

1. Fylkestinget tek *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* til orientering.
2. Fylkestinget ser svært positivt på at oppfølgingstiltaka no omfattar trafikksikringsarbeidet til alle dei deltakande aktørane, og at tiltaksplanen med det vert sett på som meir forpliktande for fylkeskommunane.
3. Fylkestinget stiller seg bak dei 18 oppfølgingspunkta som fylkeskommunane har ansvaret for, og vil følgje desse opp i sine planar.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget tek *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* til orientering.
2. Fylkestinget ser svært positivt på at oppfølgingstiltaka no omfattar trafikksikringsarbeidet til alle dei deltakande aktørane, og at tiltaksplanen med det vert sett på som meir forpliktande for fylkeskommunane.
3. Fylkestinget stiller seg bak dei 18 oppfølgingspunkta som fylkeskommunane har ansvaret for, og vil følgje desse opp i sine planar.

# PS 127/17 Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018-2029 til Regional transportplan Hordaland 2018-2029

## Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029*. Investeringsprogrammet skal følge dei fylkeskommunale budsjett- og økonomiprosessane.
2. Fylkestinget godkjenner ny framdriftsplan for utbetring av tunnelane etter Tunnelsikkerhetsforskriften, og ber om at denne vert oversendt til Vegdirektoratet.
3. Fylkestinget er positiv til at det i handlingsprogrammet til NTP er lagt opp til auka rammer til rassikring på fylkesvegar i Hordaland, og ber om at det vert sett i gang planlegging på prioriterte prosjekt i investeringsprogrammet.
4. Fylkestinget legg til grunn at det ikkje er rom for store, nye investeringsprosjekt på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021, utanom bompengepakane og rassikringsprosjekta.
5. Fylkestinget sluttar seg til målsetjinga om å sette av minimum 80 mill. kr årleg til forsterkning av eksisterande fylkesvegnett på investeringsbudsjettet. I 2018 er det forslag om 50 mill. kr til forsterkningsprogrammet.
6. Fylkestinget er positiv til at fleire kommunar ønskjer å inngå avtale med fylkeskommunen om spleiselag knytt til mindre utbetringar som til dømes gang- og sykkeltiltak.
7. For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeid med å auke inntektsgrunnlaget i pakken. Fylkestinget sluttar seg til utbyggingsrekkefølga av prosjekta i Askøypakken slik det går fram av investeringsprogrammet.
8. Fylkestinget sluttar seg til målsetjingane for trafikksikringsarbeidet, og dei tre særskilte satsingsområda i Hordaland:
  - Trafikksikringsarbeid i kommunane
  - Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strok
  - Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

## Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 28.11.2017

### Innstilling

1. Fylkestinget vedtek *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029*. Investeringsprogrammet skal følge dei fylkeskommunale budsjett- og økonomiprosessane.
2. Fylkestinget godkjenner ny framdriftsplan for utbetring av tunnelane etter Tunnelsikkerhetsforskriften, og ber om at denne vert oversendt til Vegdirektoratet.
3. Fylkestinget er positiv til at det i handlingsprogrammet til NTP er lagt opp til auka rammer til rassikring på fylkesvegar i Hordaland, og ber om at det vert sett i gang planlegging på prioriterte prosjekt i investeringsprogrammet.
4. Fylkestinget legg til grunn at det ikkje er rom for store, nye investeringsprosjekt på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021, utanom bompengepakane og rassikringsprosjekta.
5. Fylkestinget sluttar seg til målsetjinga om å sette av minimum 80 mill. kr årleg til forsterkning av eksisterande fylkesvegnett på investeringsbudsjettet. I 2018 er det forslag om 50 mill. kr til forsterkningsprogrammet.
6. Fylkestinget er positiv til at fleire kommunar ønskjer å inngå avtale med fylkeskommunen om spleiselag knytt til mindre utbetringar som til dømes gang- og sykkeltiltak.



7. For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeid med å auke inntektsgrunnlaget i pakken. Fylkestinget sluttar seg til utbyggingsrekkefølga av prosjekta i Askøypakken slik det går fram av investeringsprogrammet.
8. Fylkestinget sluttar seg til målsetjingane for trafikksikringsarbeidet, og dei tre særskilte satsingsområda i Hordaland:
  - Trafikksikringsarbeid i kommunane
  - Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strok
  - Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

**Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** sette på vegner av KrF, Sp, A og SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«KrF, Sp, A og SV er kjend med at det er vedteken reguleringsplan for delstrekket Kvamsbrekko på Fv404. For å få ei vidare framdrift må prosjektet sikrast prosjekteringsmidlar tidleg i perioden.»

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 4:

Fylkestinget legg til grunn at det ikkje er rom for store, nye investeringsprosjekt på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021, utanom bompengefinansierte prosjekt og rassikringsprosjekta.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Ryssdal sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5-8 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Byrknes sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029*. Investeringsprogrammet skal følgje dei fylkeskommunale budsjett- og økonomiprosessane.
2. Fylkestinget godkjenner ny framdriftsplan for utbetring av tunnelane etter Tunnelsikkerhetsforskriften, og ber om at denne vert oversendt til Vegdirektoratet.
3. Fylkestinget er positiv til at det i handlingsprogrammet til NTP er lagt opp til auka rammer til rassikring på fylkesvegar i Hordaland, og ber om at det vert sett i gang planlegging på prioriterte prosjekt i investeringsprogrammet.
4. Fylkestinget legg til grunn at det ikkje er rom for store, nye investeringsprosjekt på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021, utanom bompengefinansierte prosjekt og rassikringsprosjekta.
5. Fylkestinget sluttar seg til målsetjinga om å sette av minimum 80 mill. kr årleg til forsterkning av eksisterande fylkesvegnett på investeringsbudsjettet. I 2018 er det forslag om 50 mill. kr til forsterkningsprogrammet.
6. Fylkestinget er positiv til at fleire kommunar ønskjer å inngå avtale med fylkeskommunen om spleiselag knytt til mindre utbetringar som til dømes gang- og sykkeltiltak.
7. For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeid med å auke inntektsgrunnlaget i pakken. Fylkestinget sluttar seg til utbyggingsrekkefølga av prosjekta i Askøypakken slik det går fram av investeringsprogrammet.
8. Fylkestinget sluttar seg til målsetjingane for trafikksikringsarbeidet, og dei tre særskilte satsingsområda i Hordaland:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

## PS 128/17 Ymse

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 119-121, 123, 126, 125, 118, 122, 124, 127/17.

#### ORIENTERINGAR

Styreleiar Toralv Mikkelsen orienterte om prosjekt Røldal – Seljestad og oppløysing av selskapet Odda vegfinans.

Informasjon frå Statens vegvesen v/avdelingsdirektør Grethe Vikane

- Status trafikkulykker
- Bruforvaltning
- Tiltak på E39 Steinestøvegen
- Opning av Strandkaiterminalen

Nytt frå Skyss v/direktør Oddmund Sylta

- Kva er beredskapstakstar
- Definisjon av gratis kollektivtransport
- Eigen beredskapsplan for Skyss
- Nye ferjer frå 2018 - status

#### INNSENDE SPØRSMÅL

1. **Marthe Hammer** hadde sendt inn slikt spørsmål:

##### «Trafikksikkerheit i Torborg Nedreaas' gate og Bredalsmarken

Torborg Nedreaas' gate vart i si tid regulert til «miljøgate» (sist revidert 2005, saksnr. 200413317/37). Gata er ei av Bergen sentrum sine mest trafikkerte med 18 300 daglege bilpasseringar i 2016. Kwart døgn passerer ca. 750 vogntog og annen tungtrafikk (kjelde: Statens vegvesen). Tala har vore relativt uforandra dei siste åra.

Dei som går og sykklar på denne strekninga er sterkt bekymra for trafikktryggleiken.

Langs denne vegen går og sykklar mange menneske. Dette er vei for små barn som til fots og på sykkel skal til og frå skule og barnehagar i nærområdet. Rundt 300 bueiningar har utgangsdøra sin ut i Bredalsmarken og Torborg Nedreaas gate, blant desse er barnefamiliar og mange eldre. Bergens største moske ligger i området og gata har svært mange fotgjengarar knytt til denne.

##### Trafikksituasjonen:

- Vegen har tre køyrefelt og ei fartsgrense på 50 kilometer i timen. Vår erfaring er at bilar ofte held høgare hastigheiter.
- I tillegg til personbiltrafikken er gata sterkt belasta med tungtransport, hovudsakleg knytt til hamna og Postens godsterminal på Dokken.
- Det er svært mangelfull skjerming/sikring mellom veg og fortau/bustadar som ligg på kloss hald.
- Fortau er i dårlig stand og går fleire stader i eitt med vegbanen (sjå vedlegg 1).

I sum opplever bebuarane ein svært utrygg og særleg for barn farleg trafikksituasjon.

Spørsmål til samferdsledirektøren:

- Er samferdsledirektøren einig i at trafikksituasjonen i dette området er langt frå tilfredstillande?
- Kva er planane for trafikktryggleikstiltak i dette området på kort og lang sikt?

**Det er planlagt miljøgate, men i påvente av den ønskjer ein å spørje om det er mogleg, og eventuelt når, å få til ein:**

- Reduksjon av fartsgrensa i Bredalsmarken og Torborg Nedreaas gate. Statens vegvesen gjorde ei fartsgrensevurdering i 2012 og gjekk inn for reduksjon til 40 km/t (sjå vedlegg 2).
- Umiddelbar utbetring, sikring og skjerming av fortau til forsvarleg standard.
- Betre tilrettelegging for syklende og gåande.

Vedlegg 1: Bilete som viser utrygge situasjonar

Vedlegg 2: Brev frå Statens vegvesen» (Vedlegga vert ikkje tekne med i protokollen)

Fylkesdirektør samferdsel sitt svar:

«Spørsmålet gjeld trafikktryggleik på riksveg 555 Torborg Nedreaas gate/Bredalsmarken mellom Dokken og Puddefjordsbroen.

Riksvegstrekninga har tre køyrefelt i Torborg Nedreaas gate (eit til sentrum og to ut av sentrum) medan det er to felt på Bredalsmarken.

Vegen har tosidig langsgåande tilbod med fortau. Fortauet langs husfasaden er ned mot 2,5 m breidde medan fortau langs hamneområdet er ca. 3 m breidt. Det er tilrettelagt kryssing i signalregulerte kryss.

Som det går fram av innsendt dokumentasjon så er det varierende standard på det langsgåande tilbodet, der m.a. fortauskanten dels er i nivå med køyrevegen.

Strekninga er ei av hovudårene til/frå vest og har i dag ei trafikkmengd på ca. 18.300 ÅDT (Torborg Nedreaas gate) og 12400 ÅDT (Bredalsmarken). ÅDT: gjennomsnittleg tal køyretøy pr. døgn pr. år.

Fartsgrense er 50 km/t. Etter søknad vart det i 2012 gjort ei fartsgrensevurdering der Statens vegvesen i utgangspunktet vurderte at 40 km/t kunne vere ei fornuftig fartsgrense (sjå vedlegg til søknaden). Påfølgjande konklusjon i samråd med politiet vart å vidareføre fartsgrense på 50 km/t.

I ti-årsperioden 2007-16 er det registrert 6 trafikkulykker med personskade i Torborg Nedreaas gate. 4 av desse var utforkøyring som skjedde i kurva i nord ved BKK-bygget/UiB-bygget – ein person 2015 meget alvorlig skadd, resten var lettare skadd. Dei to øvrige ulykkene skjedde i krysset med Bredalsmarken/O. J. Brochs gate og var påkøyring bakfrå og MC-ulykke.

I Bredalsmarken er det i same periode registrert 4 ulykker med lettare personskade, med tre påkøyring bakfrå og ei møteulykke.

Ulykkesfrekvens på strekninga totalt er ca. 0,18 som ligger under normal ulykkesfrekvens 0,29 for tilsvarande strekningstyper.

Det er ikkje registrert fotgjengarulykker med personskade på strekninga.

### **Aktuelle planar**

I reguleringsplan for «Bergenhuis. Gnr 164, Dokken – Nøstebukten» plan-id 15290200 vedtatt 23.04.2007 er Torborg Nedreaas' gate vist som miljøgate. I reguleringsføresegnene heiter det m.a.:

«Formålet med planen er å tilrettelegge for firefelts vei mellom Dokken og Nøstet og samtidig bygge ned Torborg Nedreaas gate fra hovedvei til lokalgate. Torborg Nedreaas gate skal bli en miljøgate med lav hastighet, kantparkering og gode forhold for gående/syklende, der ny bebyggelse struktureres etter gaten.»

Den 19.09.2012 blei det gjort vedtak om reguleringsendring for «Bergenhuis. Gnr 164 bnr 4, 5 og 225 m.fl., Gassverktomten» plan-id 15290300 som omhandlar arealformåla i området mellom Torborg Nedreaas' gate og den planlagte nye firefelts veien.

Det er i dag ikkje sett av eller prioritert midlar til gjennomføring av nemnde reguleringsplan.

I sykkelstrategi for Bergen inngår Torborg Nedreaas gate som bydelsrute, men det er ikkje konkrete planar om spesifikke sykkeltiltak i dagens situasjon.

Bymiljøttunnel/trafikkkløsing i Bergen sentrum er eit av hovudelementa i Miljøløftet (Bypakke Bergen). I utgreiingane for bymiljøttunnel som ligg føre so langt er tunnel mellom Sandviken og Dokken eit aktuelt alternativ. Det vil dermed på sikt kunne bli omfattande endringar i trafikkkløsingane i området ved Torborg Nedreaas gate/Bredalsmarken dersom dette alternativet blir gjennomført. Dette arbeidet er i utgreiingsfasen, og det ligg i dag ikkje føre meir detaljar om løysingane.

### **Oppsummering**

Statens vegvesen vil gjere ei ny vurdering av fartsgrensespørsmålet på denne strekninga, for å avklare om det er endra tilhøve som kan gje grunnlag for ein annan konklusjon enn førre vurdering i 2012.

Vegstrekninga har eit vedlikehaldsetterslep spesielt når det gjeld tilstanden på fortauet langs husfasaden i Torborg Nedreaas gate. Oppgradering av dette fortauet er eit investeringstiltak som går ut over normale drifts- og vedlikehaldstiltak. Det ligg ikkje føre planar om slik oppgradering og det er heller ikkje prioritert midlar i NTP til spesielle tiltak på strekninga, slik at evt. tiltak her vil måtte bli vurdert og prioritert opp mot andre tiltak på riksvegnettet.

Framtidige trafikkkløsingar i dette området vil i stor grad vere avhengig av kva løysingar som på sikt blir valt for ein evt. Bymiljøttunnel i Bergen sentrum.»

## **2. Marthe Hammer** har sendt inn slikt spørsmål:

### **«Kollektivfelt**

Trafikksituasjonen på vestre og nordre innfartsåre inn til Bergen sentrum er kritisk med mykje kø, spesielt i rushtida. Både Hordaland fylkesting og Bergen bystyre har ved fleire høve vedteke at det bør innførast kollektivfelt eller at Statens Vegvesen lagar ein plan for innføring av kollektivfelt på 4-feltsinnfartsårer til Bergen sentrum. Det er no 2 år sidan Hordaland fylkesting ba SVV leggje fram ein plan for innføring av kollektivfelt på 4-feltsinnfartsårer.

Spørsmål til samferdsledirektøren:

- Kva er grunnen til at ein ikkje har fått ein plan for innføring av kollektivfelt fram til no?
- Når kan ein tidlegast få ein slik plan framlagt til politisk handsaming?»

Fylkesdirektør samferdsel sitt svar:

«Statens vegvesen stadfestar at sak er mottatt for 2 år sidan og vi beklagar at det ikkje er gjeve skriftleg tilbakemelding.

Statens vegvesen har gjort fleire utgreiingar dei siste åra som tek føre seg kollektivfelt på innfartsårene til Bergen sentrum.

Det er i tillegg til dette i regi av Bergensprogrammet jobba tett saman med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune på gjennomføring av konkrete tiltak for å auke framkomst for buss.

Viser til

Utgreiing om «Ringeveg øst og E39 til Åsane»

- Gjennomført trafikkmodellberekningar for å svare på aktuelle spørsmål omkring plansaker i Bergen, mellom anna kollektivfelt på innfartsårene

«Byutredning Bergen»

Det er gjennomført berekningar med transportmodell av fire tiltak for å teste kva for utslag utslag det gir på transportmiddelfordeling:

- Dobbel frekvens på dagens rutenett for buss
- Den indre delen av fire-feltsvegane på innfartsårene frå vest nord og sør blir omgjort til to felt for bil og to for kollektiv frå Gravdal, Eidsvåg og Fjøsanger.

- I tillegg til tiltaka i pkt. 2, vil også den ytre delen av fire-feltsvegane på innfartsårene frå vest nord og sør bli omgjort til to felt for bil og to for kollektiv frå Storavatn, Vågsbotn og Lagunen.
- Kollektivfelt på strekningar etter plan definert i kollektivgruppa i Bergensprogrammet.

Forslag til vidare framdrift

Med bakrunn i Byutredning, Ringveg Øst m.m.

- Ny utgreiing som en del av byveksttalen MILJØLØFTET
  - Framdrift og framlegg i 2018»